

Elin H. Fanebust  
Lindåsvegen 2088  
5955 Lindås

09.01.2019

Lindås kommune, byggesak  
Tone Margrethe Berland Furustøl

### **Sak 18/3222 - Klage på oppheving av stoppordre, brev av 19.12.2018**

Eg er grunnleggjande usamd med tiltakshavar si beskriving av inngrepet, og grunnleggjande usamd med at det er lovleg vedlikehald som er utført. Det rette er at dette er ei systematisk gjennomført ulovleg sjølvtekts:

1. Forfalsking av veg frå 2 til 3-4 meter, til 4-5 meter bredde i avkjørsledelen. Oppkonstruering av ein veg, slik han aldri før har eksistert.
2. Denne forfalskinga vert så utgitt for å vere «opprinnelig vei».
3. «Vekkgraving av torv» er misvisande og grovt villeiande for inngrepet.
4. Inngrepet består av omfattande vekkgraving av gamal, urørt jord på sidene av den 2 m breie vegen, mengd tilsvarande eit lastebillass. Dette er originaljord som har lagt urørt fram til Eikevik si sjølvtekts.
5. Denne jorda har han så stole over til 99/4, deretter direkte forsøkt å underslå.
6. Tilsist: Eikevik sine tinglyste vedlikehaldsplikter er begrensa til kun dei 102 meter nærmast hovudveg. Altså: Det er 99/1 som åleine skal drive vedlikehaldet i tunet sitt, ikkje 99/4.

Dersom Lindås kommune har lagt Eikevik si uriktige beskriving av inngrepet til grunn for opphevinga, er oppheving av stoppordre gjort på feil grunnlag, og på grunnlag av at kommunen har vorte forleda med feilinformasjon. Punkta 1 – 6 er ikkje vedlikehald, det er grov og ulovleg sjølvtekts, og såleis **definitivt** grunnlag for å gje gravestopp.

Denne saka er heller ikkje lenger berre privatrettsleg. Med fylket sin stoppordre til graving i det aktuelle området (mail til L.K. av 19.10.18), så er saka no tatt vidare frå å vere kun av privatrettsleg karakter til å også gjelde almenne interesser. Jfr. Hordaland fylke sin uttale og konklusjon i «Kulturfagleg fråsegn» av 1.10.2018, der fylket konkluderer med at det vil vere naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avklare om det finst bevarte førhistoriske strukturar i grunnen.

Det var såleis to heilt sjølvstendige og naudsynte grunnar for L.K. til å gje gravestopp:

1. Ulovleg sjølvtekts, punkta ovafor
2. Ulovleg vekkgraving av gamal, urørt jord i dette området, råka av Hdl. Fylke si «Kulturminnefagleg fråsegn» av 01.10.2018. (Kvar punkt **åleine** burde vere grunnlag nok til gravestopp).

1.Eg ber Lindås kommune om å ikkje oppheve gravestoppen som er gitt, det utførte gravetiltaket er definitivt lovstridig av to sjølvstendige grunnar, som vist. Ei oppheving vil virke svært uheldig. Eikevik vil sannsynleg tolke slik oppheving som at han no kan halde fram ulovleg arbeid med støtte av Lindås kommune, det må i så fall presiserast at dette ikkje er tilfelle.

2.Eg ber vidare om at det også vert sikra gravestopp i gamletunet til 99/4 med tanke på den ulovleg tilrana jorda som no Eikevik har deponert her, for å sikre at ho får ligge urørt til ho vert tatt tilbake

til 99/1 (så snart ein kan). Gamletunet på 99/4 er eine halvdelen av det opprinnelige tunet på Våge, det vil såleis vere sannsynleg med rike spor frå gamal tid også her. Ein annan viktig grunn til slik gravestopp er uttale frå Harris/Eikevik om at terrengendringar på opptil 3 meter kan lovleg gjennomførast utan søknad, ein tredje grunn er at Eikevik har opplyst at han umiddelbart skal byte massen i gamletunet ut med grus. Ingen ting av dette må skje utan at Hdl. Fylke vert involvert, difor viktig med gravestopp også her.

Med vennleg helsing

Elin H. Fanebust

elektronisk brev, difor utan underskrift

**ETTERORD:** (som er relevant m.o.t. vidare sakshandsaming)

Då det vart gitt konsesjon på 99/4 var det under føresetnad av at byggeskikk og kulturlandskap skulle ivaretakast. Når det no er funne spor etter menneskeleg aktivitet her frå alle epokar (like frå steinalder fram til idag), så berører dette automatisk ein sentral del av krava i konsesjonen. Eikevik sine framlagde planar, med dramatiske terrengendringar som er tenkt å endre heile tunet og området ikring med store vegar, fyllingar og skjeringar viser at her er ingen planar om å ivareta dette svært gamle kulturlandskapet, dermed heller ikkje oppfylle dei krava som er så sentrale i konsesjonen. Særleg det gamle tunet vil vere av viktig kulturhistorisk verdi, og dette er også ein medverkande, sterk grunn til at tilførslevegen til Eikevik sitt nye, sørlegare tun må leggjast utanom gamletunet på 99/4, til minst skade for det gamle kulturlandskapet.